

# Referat frå årsmøtet 2014

## for Ostereidet bygdelag

**Stad:** Mandag 31.03.14 kl. 19.00 på Ostereidet i sekretariatet til Eikanger Idrettslag

**Framlegg til saksliste vart først godkjent.**

### **1. Val av referent og ordstyrar:**

Sveinung Toft vart vald til skrivar.

Laila Bjørge vart vald til ordstyrar,

*(Laila og Sveinung skriv og under på årsmøteboka)*

### **2. Godkjenning og innkalling saksliste**

Denne vart godkjent.

### **3. Årsmelding 2013**

Denne vart delt ut og godkjent.

### **4. Rekneskap 2013 (12.09.12 – 14.03.14)**

Denne vart gjennomgått av Solfrid Hindenes og deretter godkjent.

### **5. Val av nytt styre, arbeidsutval og valnemd**

#### **Styret:**

**Laila Bjørge (ikkje på val)**

**Liv Eriksen Eide (ikkje på val)**

**Ola Jordal** vart valt inn i styret (2år)

**Frode Hølleland** vart valt inn i styret (1år)

**Sveinung Toft** vart valt som leiar (1 år)

**Tor Bjørngaas** vart valt som kaisjef

**Ragnhild Bjørngaas** vart valt som utvalsmedlem for Gamleskulen.

**Arvid Lindås** vart valt som representant i utvalet for Askvik kapell

**Solfrid Hindenes** vart valt som revisor (1år)

Styret fekk fullmakt til å supplera inn nye styremedlemmer ved behov.

## 6. Handlingsplan 2014

- **Felles kulturkalender** - samarbeid mellom dei frivillige laga i krinsen vart drøfta
- **Bygdevandring** vart drøfta
- Styret arbeider for **vegutbetring i Lindsdalen.**
- **Facebook til marknadsføring av heimesida** vart drøfta
- **Støtteskriv parsell Vassel.** Samrøystes vedteke.
- **Bompengesaka vart drøfta.** Årsmøtet var samd om å ikkje delta i aksjon mot Nordhordlandspakka. Årsak: Pakka er diverre eit naudsynt tiltak for å få fart på veginvesteringar i Nordhordland og E39. Samrøystes
- **Framtida til Gamleskulen** må drøftast i 2014. Samrøystes.

Ostereidet 31.03.2014

Sveinung Toft

Laila Bjørge